PROTOKOLL
STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 09.06.20 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 14.00.
Møtet slutt kl. 17.10

Desse møtte:
Anne Ellingsen
Hallvard Bjørneset
Jon Helge Bjørndal
Henriette Hafsaas
Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i representantskapet.
Dagleg leiar Petter Bjørdal førte møteboka.
Anne Ellingsen leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 25 til og med 32 -20. Møtet starta med presentasjon av kvarandre, sidan dette var første møtet for det nye styret.
Vedkomande ettersending av saker som har relevans, så aksepterar styret det i denne perioden

Sakliste:

Sak 25-20. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (5 røysteføre)
Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte om Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Kommunikasjonsarbeid, Personalsituasjonen, Status off. innkjøp, Nytt frå tilsynsmynde / EU, Status Melsgjerdet, ISO 9001, utfordringa framover. Stine Gytri orienterte om Løyvesøknaden om Biogass anlegg.

Sak 26-20 Presentasjon av RBM-19 og Norfakta sin spørjeundersøking.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tek rapportane i saka til orientering, og ber om at vurderingane som kjem fram på møtet vert tatt med ved utarbeiding av strategi-, økonomiplan og årsbudsjett 2021.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Presentasjonane vert lagt på styreportalen i ettertid.

Sak 27-20 Samarbeid-samanslåing av RIR/ÅRIM/SSR/VØR

Vedtak (5 røysteføre)

1. Styret tek rapportane frå Lin advokater og Norwaste AS til orientering.

2. Styret ser det som positivt om SSRog Vanylven koplar seg på prosessen saman med RIR, Årim og VØR, og vil vente med vidare utgreiing til det formelt er avklara.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Tillegg med Vanylven etter forslag frå styreleiar.

Vedtak med grunnlag i § 2. 3 ledd i renovasjonsforskriftene.

Sak 28-20 Resultat mot budsjett 1 tertial.

Vedtak (5 røysteføre)
Styret tar saksutgreiinga til vitende.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 29-20 Vedtak i medhald av § 2. 3 ledd i renovasjonsforskriftene.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret vedtek slikt nytt 3 ledd til forskriftene § 15:
Dersom tankeigar har framandlekamar som t.d. klutar, filler og risikoavfall i tanken, kjem gebyr for ekstraarbeidet i tillegg til tømeprisen.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 30-20 Bygging Melsgjerdet

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar orienteringa til vitende. Det vert nytt møte i styret den 2 juli kl. 16.30 der innstillinga vert presentert og forslag til finansieringsplan presentert.

Handsaminga:
Dagleg leiar orienterte om opninga av tilboda som var 8 juni kl 12.00. Tilbodsprosessen er i tråd med lovverket underlagt utsett offentleggjering fram til at innstilling ligg føre. Venteleg i veke 26.
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 31-20 Referatsaker

Vedtak (5 røysteføre)
Styret tar referatsakene til orientering

Handsaminga:
Brønnøysundregistrene Samordna registermelding – må signerast. Leggast fram på møtet.

Innkalling til generalforsamling - Årsrapport for 2019 – Retura Norge AS. Av 13 mai 2020.
Viktig informasjon til alle medlemmer i samfunnsbedriftene Avfall og ressurs av 14 mai
Søknad om løyve til utslepp av 20 mai 2020
Nyhetsbrev Grønt Punkt Norge av 27 mai 2020.
Protokoll frå styret og Rekneskap - årsmelding i Retura Søre Sunnmøre AS.

Sak 32-20. Godkjenning av møtebok.

Vedtak (5 røysteføre)
Styret godkjenner protokoll frå møte 09.06.20 slik den ligg føre.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 09.06.20

Anne Ellingsen

Hallvard Bjørneset

Jon Helge Bjørndal

Henriette Hafsaas

Ove Myklebust

Petter Bjørdal
referent